

Samarbeidsutvalet ved Matre skule

5984 Matredal

Kommunestyret i Masfjorden

v/gruppeleiarar

Matre skule 08.06.2022

Vedlikehald av uteområdet ved Matre skule


Samarbeidsutvalet ved skulen har etter oppmoding frå FAU, handsama ei sak om uteområdet på skulen vår.

Me har dei siste åra fått eit nytt og godt idrettsanlegg, men dette har gjort kontrasten til resten av uteområdet større. ^{me}Er uroa over forfallet me ser på uteområdet. Her er det omtrent ikkje leikeapparat att, då dei fleste er blitt underkjende av leikeplasskontrollen, og resten er til nedfalls. Volleyballbana bak skulen manglar høveleg sand, tribuna rundt ber preg av elde, og dissestativa er vekke. Alle desse tiltaka stod ôg på elevrådet si ynskelista til møtet. Elevrådet melde ôg om at dei ynskte eit tak å vera under på ungdomsskulen(Dette vart spesielt aktuelt då skulen var delt i kohortar).

Me har forstått at kommunen hadde eit bra overskot på rekneskapen for 2021 og at ekstra vedlikehald skulle prioriterast. Slik me ser det er det som er sett av til vedlikehald på skulen, ikkje meir enn det som stod i det opphavelige budsjettet. Me bed difor om at dette blir prioritert, enten som ekstraløyving i år, eller på budsjettet for neste år.

Me vil minna om at eit triveleg skulemiljø er viktig for tilflytting og folketalsauke.

SU Matre skule



Bjørn Egil Nordland

leiar